

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Styret for Fagskolen i Hordaland
<b>Møtestad:</b>	Nettmøte Zoom / Haugeveien 28, Nordnes
<b>Dato:</b>	29.04.2020
<b>Tid:</b>	09:00 – 13:00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	Eigar (A)
Marianne Sæhle	Nestleiar	Eigar (SV)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FRP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Anne Mette Koch	Medlem	Arbeidsliv
Trond Sanne Haga	Medlem	Arbeidsliv
Birgitte Svanevik	Medlem	Arbeidsliv
Trude Amundsen	Medlem	Tilsette
Sebastian Hennig	Medlem	Studentane

**Merknader**

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Adeline B. Landro	Sekretariat
Torill Flatebø	Fagleiar
Linda Farestveit	For Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
GK 6/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2020/1479	
GK 7/20	Godkjenning av møteprotokoll frå 19.02.2020	2020/1479	
<b>Referatsaker</b>			
RS 7/20	Tilskotsbrev frå eigar	2020/1479	
<b>Vedtaksaker</b>			
VS 7/20	Budsjett 2020 og årsrekneskap 2019	2020/1479	
VS 8/20	Tilbudsstruktur 2020/21	2020/1479	
VS 9/20	Årsmelding 2019	2020/1479	
VS 10/20	Uttale i samband med sak om organisering av fagskulane i Vestland	2020/1479	
VS 11/20	Nytt kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland	2020/1479	
VS 12/20	Endring i forskrift om opptak ved Fagskolen i Hordaland	2020/1479	

## Godkjenningssaker

### GK 6/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland – 29.04.2020

#### Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### GK 7/20 Godkjenning av møteprotokoll frå 29.04.2020

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland – 29.04.2020

#### Vedtak

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent.

## Referatsaker (meldingar)

### RS 7/20 Tilskotsbrev frå eigar

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 29.04.2020

Styret tok referatsak samrøystes til orientering.

#### Vedtak

Styret tok referatsak samrøystes til orientering.

### Munnleg orientering

Rektor orienterte om planar for eksamensgjennomføringa no. Vidare informerte rektor om at det er styret som har kompetanse til å vedta opning av skulen. Det skal gjennomførast eit digitalt arrangement for vitnemålsutdeling, og det er ønskeleg at styreleiar deltek på dette. Planlegginga for hausten vert gjort ut i frå to scenario i høve til kva smitteverntiltak som vil vere gjeldande då.

Fagskulen er i dialog med partane i arbeidslivet i høve til å tilby og utvikle kurs, modular ol. Fagskulen ønskjer å bidra og vere aktiv i høve til dei kompetansebehova som kjem, men må sikre ressursar til dette.

Det skal gjennomførast nytt møte med studentane på Zoom for å informere studentane og for at studentane ska få kome med tilbakemeldingar om korleis det går.

I undervisninga på nett opplever skulen mykje svarte skjermar fordi ikkje alle ønskjer å nytte video, og fagskulen oppmodar til at alle deltek aktivt i undervisninga.

Det er no mogleg å kombinere studium med dagpengar i forbindelse med koronasituasjonen.

Det er løyva mykje midlar sentralt til kurs, etter- og vidareutdanning, bransjeprogram og fleksible utdanningar. Fylkeskommunane har fått BIO midlar.

Fagskolen har fått støtte frå Diku (utviklingsmidlar) til å utvikle e-prosjektet mot den maritime fagskulesektoren. Prosjektet går over to år og er eit samarbeid med 9 fagskuler. Fagskolen hadde også to andre søknader, men desse vart det ikkje løyvd midlar til.

## Vedtaksaker

### VS 7/20 Budsjett 2020 og årsrekneskap 2019

#### Forslag til vedtak

1. Budsjett for Fagskolen i Hordaland i 2020 vert vedteke slik det kjem fram av saka.
2. Rekneskap per 1. mars 2020, og årsrekneskap for 2019 vert teke til orientering.

### Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 29.04.2020

#### Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Budsjett for Fagskolen i Hordaland i 2020 vert vedteke slik det kjem fram av saka.
2. Rekneskap per 1. mars 2020, og årsrekneskap for 2019 vert teke til orientering.

### VS 8/20 Tilbudsstruktur 2020/21

#### Forslag til vedtak

1. Tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland skuleåret 2020/21 vert vedteke som følgjer:

	Fagskolen i Hordaland	Kostnad	Nye studen- tar	2. klass e	3. klass e	Sum Klassa r	Kostnad summert
<b>Nordnes</b>	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	1 258 600	40	31	23	<b>3</b>	3 775 800
	KEM /Tak og fasade FTB03N	1 258 600				<b>0</b>	-
	Bygg FTB01H	1 887 900	30	26		<b>2</b>	3 775 800
	Bygg FTB01N	1 258 600	40	49	42	<b>5</b>	6 293 000
	Automatisering FTE01H	1 887 900		7		<b>1</b>	1 887 900
	Automatisering FTE01N	1 258 600	40	26	26	<b>3</b>	3 775 800
	Elkraft FTE03H	1 887 900	30	25		<b>2</b>	3 775 800

	Elkraft FTE03N	1 258 600	80	56	55	<b>6</b>	7 551 600
	Maskinteknikk FTT04H	1 887 900	30	20		<b>2</b>	3 775 800
	Maskinteknikk FTT04N	1 258 600	40	24	23	<b>3</b>	3 775 800
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	1 258 600				<b>0</b>	-
	Prosessteknikk FTK01H	1 887 900		13		<b>1</b>	1 887 900
	Prosessteknikk FTK01N	1 258 600	40		13	<b>2</b>	2 517 200
	Klassisk bygningshandverk FTB54H	1 887 900				<b>0</b>	-
	Klassisk bygningshandverk FTB54D	1 258 600		14		<b>1</b>	1 258 600
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH14D	988 900	30	14		<b>2</b>	1 977 800
	Rehabilitering FHH04D	988 900				<b>0</b>	-
	Spesialreinhald FHH10D	988 900		21		<b>1</b>	988 900
	CNC og robotteknologi FTT53H	1 887 900				<b>0</b>	-
	CNC og robotteknologi FTT53N	1 258 600				<b>0</b>	-
<b>Stord</b>	Maskinteknikk FTT04H	2 154 300		23		<b>1</b>	2 154 300
	Maskinteknikk med ISO FTT11H	2 154 300		21		<b>1</b>	2 154 300
	Elkraft FTE03H	2 154 300				<b>0</b>	-
	Automatisering FTE01H	2 154 300				<b>0</b>	-
<b>Nygård</b>	Maskinoffiser FTM02H	2 111 133	30	27		<b>2</b>	4 222 267
	Dekksoffiser FTM01H	2 560 633	30	29		<b>2</b>	5 121 267
	Boring FTP01H	2 157 600	50	20		<b>2</b>	4 315 200
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1 887 900				<b>0</b>	-
<b>Austevoll</b>	Dekksoffiser FTM01H	2 470 733	30	25		<b>2</b>	4 941 467
<b>Hjeltnes</b>	Arborist FPS01D	1 258 600	16			<b>1</b>	1 258 600
	Lokal matkultur FTK51N	1 258 600		13	10	<b>2</b>	2 517 200
<b>Voss</b>	Anlegg FTB02H	1 887 900				<b>0</b>	-
	Anlegg FTB02N	1 258 600	32	29	24	<b>3</b>	3 775 800
	Rehabilitering FHH04D	988 900				<b>0</b>	-
	<b>Totalt</b>		<b>588</b>	<b>513</b>	<b>216</b>	<b>50</b>	<b>77 478 100</b>

2. Tilbudet Resirkuleringsanlegg (RAS) for sjømatnæringen vert starta opp ved studiestad Austevoll hausten 2020 dersom det vert godkjent av NOKUT, og det er sikra finansiering.

## Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 29.04.2020

**Emil Gadolin** Sette fram slikt tilleggforslag, og justering i tabell i forslag til vedtak:

3. Som følge av situasjonen i arbeidsmarknaden vil det vere eit aukande behov for kompetanseheving i ei tid framover, og det er viktig at tilbudsstrukturen ved fagskolen ikkje vert skalert ned i slik grad at det hindrar viktige kompetansetiltak. Fagskolen i Hordaland skal ta ein offensiv haldning i møte med situasjonen i arbeidsmarknaden og dei ekstraordinære tiltakspakkane frå stat og fylke. Nye tiltak må finansierast fullt ut, og såleis ikkje gå på kostnad av den økonomiske bærekrafta til Fagskolen i Hordaland.

4. Tilbudet innan Elkraft ved studiestaden Stord vert oppretta hausten 2020 og styret vil arbeide for å sikre finansiering for dette med kr 4,3 mill. gjennom kompetanseretta midlar i fylkeskommunen og utanfor fagskolen sin ordinære ramme. Ny ekstra klasse innan Elkraft ved studiestaden Nordnes vert oppretta, men rektor blir gitt fullmakt til å vurdere om Fagskolen har nødvendige ressursar til dette.

5. Fagskolen vert oppmoda til å søkje midlar til nye bransjeprogram og vidareføring av eksisterande bransjeprogram. Styret oppmodar om at ein arbeider med bransjeprogram for mat og reiseliv ved studiestad Hjeltnes.

6. Styreleiar vert gjeve mynde til å godkjenne og signere søknader om kompetanse- eller utviklingsmidlar fram til neste styremøte 10. september 2020. Administrasjonen vert å kome tilbake til ein sak om delegering av kompetanse til å godkjenne søknader for fagskolen.

### Merknad:

Styret skal haldast laupande orientert om kva kompetansetiltak fagskolen søker om.

### Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke med Gadolin sine tilleggspunkt og justering i tabell jf. tilbudet på Stord.

### Vedtak

1. Tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland skuleåret 2020/21 vert vedteke som følgjer:

	<b>Fagskolen i Hordaland</b>	<b>Kostnad</b>	<b>Nye studenter</b>	<b>2. klasse</b>	<b>3. klasse</b>	<b>Sum Klassar</b>	<b>Kostnad summert</b>
<b>Nordnes</b>	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	1 258 600	40	31	23	<b>3</b>	3 775 800
	KEM /Tak og fasade FTB03N	1 258 600				<b>0</b>	-
	Bygg FTB01H	1 887 900	30	26		<b>2</b>	3 775 800
	Bygg FTB01N	1 258 600	40	49	42	<b>5</b>	6 293 000

	Automatisering FTE01H	1 887 900		7		1	1 887 900
	Automatisering FTE01N	1 258 600	40	26	26	3	3 775 800
	Elkraft FTE03H	1 887 900	30	25		2	3 775 800
	Elkraft FTE03N	1 258 600	80	56	55	6	7 551 600
	Maskinteknikk FTT04H	1 887 900	30	20		2	3 775 800
	Maskinteknikk FTT04N	1 258 600	40	24	23	3	3 775 800
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	1 258 600				0	-
	Prosessteknikk FTK01H	1 887 900		13		1	1 887 900
	Prosessteknikk FTK01N	1 258 600	40		13	2	2 517 200
	Klassisk bygningshandverk FTB54H	1 887 900				0	-
	Klassisk bygningshandverk FTB54D	1 258 600		14		1	1 258 600
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH14D	988 900	30	14		2	1 977 800
	Rehabilitering FHH04D	988 900				0	-
	Spesialreinhald FHH10D	988 900		21		1	988 900
	CNC og robotteknologi FTT53H	1 887 900				0	-
	CNC og robotteknologi FTT53N	1 258 600				0	-
<b>Stord</b>	Maskinteknikk FTT04H	2 154 300		23		1	2 154 300
	Maskinteknikk med ISO FTT11H	2 154 300		21		1	2 154 300
	Elkraft FTE03H	2 154 300	30			1	2 154 300
	Automatisering FTE01H	2 154 300				0	-
<b>Nygård</b>	Maskinoffiser FTM02H	2 111 133	30	27		2	4 222 267
	Dekksoffiser FTM01H	2 560 633	30	29		2	5 121 267
	Boring FTP01H	2 157 600	50	20		2	4 315 200
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1 887 900				0	-
<b>Austevoll</b>	Dekksoffiser FTM01H	2 470 733	30	25		2	4 941 467
<b>Hjeltnes</b>	Arborist FPS01D	1 258 600	16			1	1 258 600
	Lokal matkultur FTK51N	1 258 600		13	10	2	2 517 200
<b>Voss</b>	Anlegg FTB02H	1 887 900				0	-
	Anlegg FTB02N	1 258 600	32	29	24	3	3 775 800

	Rehabilitering FHH04D	988 900				0	-
	<b>Totalt</b>		<b>618</b>	<b>513</b>	<b>216</b>	<b>51</b>	<b>79 632 400</b>

2. Tilbodet Resirkuleringsanlegg (RAS) for sjømatnæringen vert starta opp ved studiestad Austevoll hausten 2020 dersom det vert godkjent av NOKUT, og det er sikra finansiering.

3. Som følgje av situasjonen i arbeidsmarknaden vil det vere eit aukande behov for kompetanseheving i ei tid framover, og det er viktig at tilbudsstrukturen ved fagskulen ikkje vert skalert ned i slik grad at det hindrar viktige kompetansetiltak. Fagskolen i Hordaland skal ta ein offensiv haldning i møte med situasjonen i arbeidsmarknaden og dei ekstraordinære tiltakspakkane frå stat og fylke. Nye tiltak må finansierast fullt ut, og såleis ikkje gå på kostnad av den økonomiske bærekrafta til Fagskolen i Hordaland.

4. Tilbodet innan Elkraft ved studiestaden Stord vert oppretta hausten 2020 og styret vil arbeide for å sikre finansiering for dette med kr 4,3 mill. gjennom kompetanseretta midlar i fylkeskommunen og utanfor fagskulen sin ordinære ramme. Ny ekstra klasse innan Elkraft ved studiestaden Nordnes vert oppretta, men rektor blir gitt fullmakt til å vurdere om Fagskolen har nødvendige ressursar til dette.

5. Fagskulen vert oppmoda til å søkje midlar til nye bransjeprogram og vidareføring av eksisterande bransjeprogram. Styret oppmodar om at ein arbeider med bransjeprogram for mat og reiseliv ved studiestad Hjeltnes.

6. Styreleiar vert gjeve mynde til å godkjenne og signere søknader om kompetanse- eller utviklingsmidlar fram til neste styremøte 10. september 2020. Administrasjonen vert å kome tilbake til ein sak om delegering av kompetanse til å godkjenne søknader for fagskulen.

## VS 9/20 Årsmelding 2019

### Forslag til vedtak

1. Årsmelding for 2019 vert teke til orientering og sendt til skuleeigar.

## Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 29.04.2020

### Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Årsmelding for 2019 vert teke til orientering og sendt til skuleeigar.

## VS 10/20 Uttale i samband med sak om organisering av fagskulane i Vestland

### Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland gjev uttale i samband med politisk sak om organisering av fagskulane i Vestland fylkeskommune som det kjem fram av saka.



## Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 29.04.2020

Emil Gadolin sette frem slikt tilleggsforslag:

2. Styreleiar får mandat til å utarbeide eit notat som spesifiserer tilhøve kring ønska tidspunkt for samanslåing nærare.

### Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke saman med nytt punkt 2.

### Vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland gjev uttale i samband med politisk sak om organisering av fagskulane i Vestland fylkeskommune som det kjem fram av saka.
2. Styreleiar får mandat til å utarbeide eit notat som spesifiserer tilhøve kring ønska tidspunkt for samanslåing nærare.

### Notat frå styreleiar – tidspunkt for samanslåing ved budsjettår eller sommar

Ved ein samanslåing i samband med eit budsjettår vil studentane ikkje oppleve store endringar. Dei vil halde fram ved dei same utdanningane som dei har starta på, og halde seg til same personell som før. Største endringa for studentane er at skulen får nytt namn. Studentane vil nok merke ein samanslåing i større grad dersom dette skjer på hausten, fordi det på dette tidspunktet kjem mange nye studentar samtidig som skulen etablerer seg i ny organisasjon, noko som gjev større belastning på administrasjonen.

Ved ein samanslåing sommar 2021 vil prosjektstyret måtte vedta ein mellombels tilbodsstruktur for den nye fagskulen allereie november 2020 for skuleåret 2021/22. Dette meiner styret er for kort tid etter at prosjektstyret er oppnemnt, og for kort tid i høve til å planlegge ein tilbodsstruktur for ein ny fagskule. Fagskulane er i oppstart av eit nytt skuleår hausten 2020, og det er ikkje heldig at det første arbeidet ein skal gjere med å slå saman dei to fagskulane er å starte med å utarbeide og vedta ein felles tilbodsstruktur. Arbeidet med ein samanslåingsprosess bør starte med tilsetting av prosjektrektor og deretter arbeide med å planlegge for ein ny organisering. På bakgrunn av dette meiner styret at det er avgjerande at fagskulane får god nok tid til å gjennomføre samanslåinga, og at skulane ikkje vert slått saman før 1. januar 2022. Dette er også best i høve til budsjettprosessane som omtalt i uttalen frå styret.

## VS 11/20 Nytt kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland

### Forslag til vedtak

1. System for kvalitetssikring ved Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det kjem fram av saka.

## Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 29.04.2020

### Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

### Vedtak

1. System for kvalitetssikring ved Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det kjem fram av saka.

## VS 12/20 Endring i forskrift om opptak ved Fagskolen i Hordaland

### Forslag til vedtak

1. § 1-9 tredje ledd om realkompetansevurdering i forskrift for opptak ved fagskolen i Hordaland vert endra slik:

«(3) Søkjarar må dokumentere kompetanse i felles allmenne fag som svarar til nivå 4 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og ha fylt 23 år i søkjeåret.»

## Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 29.04.2020

### Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

### Vedtak

1. § 1-9 tredje ledd om realkompetansevurdering i forskrift for opptak ved fagskolen i Hordaland vert endra slik:

«(3) Søkjarar må dokumentere kompetanse i felles allmenne fag som svarar til nivå 4 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og ha fylt 23 år i søkjeåret.»

### Ymse

Rektor orienterte om at skulen har trekt søknad om fagområdeakkreditering, og at skulen ønskjer å fremje ein ny søknad innan 1. november 2020. Skulen kjem attende med sak om dette.

Det kan verte sett opp eit ekstraordinært styremøte i samband med eventuell opning av skulen før neste styremøte.

Følgjande tabell over søkjartal vart del av handsaminga under VS 8/20 om tilbodsstruktur:

691	Fagskolen i Hordaland	Ny studentar	2. klasse	3. klasse	Sum Klassar	Søklarar vår 2020	kvalifiserte pr. 28.04	Må vurderes pr. 28.04	ikke kvalifisert pr. 28.04	avslag (-) / restplassar (+)
<b>Nordnes</b>	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	40	31	23	3	57	31	16	10	-17
	KEM /Tak og fasade FTB03N				0	0				0
	Bygg FTB01H	30	26		2	59	31	20	8	-29
	Bygg FTB01N	40	49	42	5	70	40	22	8	-30
	Automatisering FTE01H		7		1	44	35	3	7	-44
	Automatisering FTE01N	40	26	26	3	58	48	2	8	-18
	Elkraft FTE03H	30	25		2	58	52	1	5	-28
	Elkraft FTE03N	80	56	55	6	104	96	4	4	-24
	Maskinteknikk FTT04H	30	20		2	46	27	16	3	-16
	Maskinteknikk FTT04N	40	24	23	3	50	26	21	3	-10
	Maskinteknikk med ISO FTT11N				0	0				0
	Prosessteknikk FTK01H		13		1	0				0
	Prosessteknikk FTK01N	40		13	2	50	32	14	4	-10
	Klassisk bygningshandverk FTB54H				0	0				0
	Klassisk bygningshandverk FTB54D		14		1	0				0
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH14D	30	14		2	65	21	21	23	-35
	Rehabilitering FHH04D				0	0				0
	Spesialreinhald FHH10D		21		1	0				0
	CNC og robotteknologi FTT53H				0	0				0
	CNC og robotteknologi FTT53N				0	23	12	1	10	-23
<b>Stord</b>	Maskinteknikk FTT04H		23		1	0				0
	Maskinteknikk med ISO FTT11H		21		1	0				0
	Elkraft FTE03H				0	22	21	0	1	-22
	Automatisering FTE01H				0	0				0
<b>Nygdard</b>	Maskinoffiser FTM02H	30	27		2	57	47	2	7	-27
	Dekksoffiser FTM01H	30	29		2	89	61	7	21	-59
	Boring FTP01H	50	20		2	57	35	2	20	-7
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H				0	11	3	1	7	-11
<b>Austevoll</b>	Dekksoffiser FTM01H	30	25		2	18	14	0	4	12
<b>Hjeltnes</b>	Arborist FPS01D	16			1	37	20	1	16	-21
	Lokal matkultur FTK51N		13	10	2	9	4	2	3	-9
<b>Voss</b>	Anlegg FTB02H				0	0				0
	Anlegg FTB02N	32	29	24	3	51	38	0	13	-19
	Rehabilitering FHH04D				0	10	4	2	4	-10
	<b>Totalt</b>	<b>588</b>	<b>513</b>	<b>216</b>	<b>50</b>	<b>1045</b>				<b>-457</b>